

Frykt for overvatn nedanfor vegen

15.11.2012

Oppsittarar på Korsnes er framleis skeptiske og fryktar overvatn frå Ospelunden. Dette kom fram då forvaltningskomiteen handsama endringane i reguleringsplan og føresegner. Leiar Thorleif J. Hellesøy (Frp) opplyste at han hadde motteke ganske mange meldingar frå bekymra oppsittarar.

Verksemdsleiar Tormod Fossheim medga at det er utfordringar på dette området, men viste til at utbyggjaren arbeidar med tekniske planar.

Han vona at det blir funne løysingar slik at det ikkje oppstår ulemper for dei som bur nedanfor fylkesvegen.

Bjarne Berge (H) minna om at dette prosjektet starta i 2004 og streka under kor viktig det er å komma vidare. Han åtvvara mot å gjera noko som kan seinka prosjektet enda meir enn det allereie er seinka